Avsender: Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN
NORWAY

REKNES BYGGJEVARER L/L
Masfjordvegen 187
5986 HOSTELAND
Norway

990.439.22

**Dispensasjon frå byggegrense - gnr 15 bnr 11 - Stranda - Ostereidet - Alver kommune**

Vestland fylkeskommune har starta med å sende ut post digitalt, i tråd med regjeringa sitt digitaliseringsprogram.

Posten vi sender til deg blir sendt til meldingsboksen din i Altinn, og til Digipost eller eBoks når du vel digital postkasse.

Dokument som ikkje er opna i Altinn innan to verkedagar blir sendt på papir i posten.

Digitalt førsteval er raskare, tryggare og sparar miljøet!

Med helsing
Vestland fylkeskommune

439.1

439#2505 bc03169b-6493-4d33-acd9-aaa35050ffd7:1

Vestland fylkeskommune

**INV - Forvaltning og utgreiing**
INV - Forvaltning Bergensområdet

**Vår referanse** 2021/54889-3
**Dato** 30.11.2021

REKNES BYGGJEVARER L/L
Masfjordvegen 187
5986 HOSTELAND

# Dispensasjon frå byggegrense - gnr 15 bnr 11 - Stranda - Ostereidet - Alver kommune

Vi viser til søknad datert 19.11.2021.

**Saka gjeld**
Det er søkt om dispensasjon frå byggegrense for å bygge påbygg på ein eksisterande bustad.

**Vedtak**

Med heimel i veglova § 30 og § 34 gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 5458 Stranda for å etablere påbygg på eksisterande bustad på gnr. 15 bnr. 11 i Alver kommune.

**Vilkår for dispensasjonen**

1. Tiltaket skal vera i samsvar med situasjonsplan, datert 18.11.2021.
2. Avstanden frå påbygget (inkludert takutspring) til senterlina på fylkesveg 5458 Stranda skal vera minst 43 meter.
3. Dersom tiltaket vil føra til endringar i samband med tilkomsttilhøva for eigedomen, må det framleis vera opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging på offentleg veg. Siktkrav til eigedomen si avkøyrsle må følgjast.
4. Tiltaket må ikkje brukast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Grenseverdiane for støy og luftkvalitet i rundskriv T-1442 og T-1520 frå Klima- og miljøverndepartementet må tilfredsstillast.
6. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygninga/innretninga ligg nær fylkesveg 5458.
7. Arbeidet må vera starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, om ikkje fell dispensasjonen bort.

**Bakgrunn for vedtaket**
Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Fartsgrensa på staden er 50 km/t og ÅDT (årsdøgntrafikken) er 400. Fylkesvegen er klassifisert som haldningsklasse «lite streng» jf. Rammeplan 2021-2024.

Etter ei samla vurdering av tilhøva på staden gjev vi løyve til tiltaket som er søkt om.

| Telefon | E-post | Heimeside | EHF-Fakturaadr. | Organisasjonsnr. |
| --- | --- | --- | --- | --- |
| 05557 | post@vlfk.no | www.vestlandfylke.no | 821311632 | 821 311 632 |




REKNES BYGGJEVARER L·L
Selvåg, 5986 Hosteland - avd. Isdalstø, 5914 Isdalstø
Tlf: 56 16 60 60 - fax: 56 16 60 61
RB HUS
FRÅ GRUNNMUR TIL FERDIG HUS

| | | | |
|---|---|---|---|
| UTARBEIDET AV: | REKNES BYGGJEVARER LL | | |
| TILTAKSHAVER: | GRETHE OG KARSTEIN RØD | G.nr/B.nr.: | 15/11 |
| BYGGEPLASS: | Stranda 56 | KOMMUNE: | Alver |

439 3 L

mundus

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| TEGN.INNHOLD: | SITUASJONSPLAN | | | MÅLESTOKK: 1:500 |
| PROSJEKT: | HYTTE | | | PROSJEKT NR: |
| ARKITEKT: I.Porzucek | DATO: 18.11.2021 | TEGN: | REV: | TEGNNR: |